

Notat

Går til:
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 14.05.2007
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Hans K. Stenby
Saka gjeld: **Alternativ til vold senter i Rogaland - svar på spørsmål**

Styresak 043/07 O

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

Styremøte 23.05. 2007

Bakgrunn:

Det vises til spørsmål frå Ellen Solheim som vedrørande status for sak om Alternativ til vold senter i Rogaland. Det vises mellom anna til brev frå Fylkesordføraren i Rogaland fylkeskommune av 21.06.05 og førebels svar frå Helse Vest RHF av 03.08.05.

Kommentar:

Helse Vest RHF gav ei endeleg tilbakemelding til fylkeskommunen i brev av 15.02.06. Brevet er vedlagt notatet.

Det går fram av dette brevet at Helse Vest ikkje fant det riktig å stilla seg som initiativtakar og medansvarleg for etablering av slike sentra i vår region. Det er grunna med at dei eksisterande sentra er å forstå som ei førstelineteneste, finansiert med særskilte tilskott og ingen regionale helseføretak eller helseføretak har vore involvert i desse sentra.

Det har vore og er likevel aktuelt å samarbeide med Alternativ til vold for helseføretaka.

Det er samstundes viktig å understreka at Helse Vest RHF i samarbeid med Helse Bergen HF har bygd opp eit regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging.

Senteret har ca 13 årsverk og blir i 2007 gitt eit tilskott 11,7 mill. kr over statsbudsjettet.

Senteret er lokalisert i Bergen men har heile regionen som ansvarsområde.

Senteret skal gi undervisning, rettleiing og konsultasjon til helseføretaka og andre aktuelle samarbeidspartar som barne- og familievernet, politi, kriminalomsorg og kommunale tenester.